

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Torill Seliussen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2184 - 17/11728

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
21.04.2017

## GODKJENNING AV DRØMMEHAGEN GARD TIL FRILUFTSAVDELING

Den 7.4.17 mottok Miljøretta helsevern søknad om å flytte friluftsavdelinga ved Drømmehagen barnehage til Drømmehagen gard. Friluftsavdelinga består av 24 - 30 barn over 3 år. (ref. 14/2184 – 17/11037).

### ➤ **Heimel**

- *Folkehelseloven, kap. 3.*
- *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. § 6.*

### ➤ **Synfaring og vurdering**

Den 20.3.17 var det det synfaring på Drømmehagen gard.

Tilstade var:

Bjørn Knudsen, Birthe-Ann Larsen og Torill Seliussen frå Drømmehagen barnehage.  
Barnehagefagleg rådgjevar Mette Marei Træland frå Meland kommune og  
teknisk –hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde frå Miljøretta helsevern.

Drømmehagen gard består av 147 dekar og ligg i Mjåtveitstø. På garden er det eit våningshus, driftsbygning, naust og uthus. Driftsbygning består bl.a. av fjøs og grisehus. Desse er pussa opp og gjer gode moglegheiter til aktivitetar inne (bl.a. snekring).

Uteområdet har mange flotte områder som er lagt til rette for barna med bl.a. lavvo, telt-leir, fleire sittegrupper m.m. Drømmehagen gard vil kunne by på mange flotte utfordringar og flott friluftsliv for barna. Barna vil få moglegheiter for naturleg leik i eit variert og spennande område.

Krav til lokale og retningslinjer:

Friluftsgruppa må ha tilgang til garderobe og ei base eller lokale som dei kan vere inne i på dagar med dårleg vêr eller andre forhold tilseier det. Lokala skal i utgangspunktet tilfredsstillende dei same krav som det vert stilt til andre barnehagar, men det kan leggest til grunn et areal på 3,0 m<sup>2</sup> pr. barn (over 3 år) for ei friluftsavdeling. Ei slik reduksjon i den rettleiande arealnorma, vert gitt på bakgrunn av ei total vurdering og god pedagogisk tilrettelegging.

Drømmehagen gard har eit våningshus. Her er eit «spiserom» i underetasjen, samt stove og kjøkken i 1. etasje. Det er eit toalett med vask. Det er enkle separate kranar for kaldt og varmt vatn på vasken (ikkje blandebatteri). Det bør vere handvask med rennande kaldt og varmt vatn. Krane på toalett bør ha blandebatteri.

Drømmehagen barnehage har eit netto leike- og opphaldsareal på 690 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem opphaldsrom i våningshuset på ca. 73 m<sup>2</sup>, samt kan 2 rom i driftsbygning nyttast.

Det er opplyst at Drømmehagen barnehage vil frå hausten ha totalt 103 store barn (over 3 år) og 50 småbarn (under 3 år). Ut i frå § 9 (Veiledende norm) må barnehagen ha 677 m<sup>2</sup>, for barnegruppa. Då er det ikkje teke omsyn til at friluftsavdeling treng færre m<sup>2</sup>.

**Barnehagen har stort nok leike- og opphaldsareal til barnegruppa uavhengig av Drømmehagen gard.**

#### ➤ **Oppsummering og anbefalte tiltak**

**Drømmehagen gard har lagt til rette for flott friluftsliv for friluftsavdelinga, og har base/lokale på garden.**

Det er ikkje universell utforming i våningshus eller driftsbygning.

Barnehagen må ta fylgjande omsyn:

- Baselokalet må ha garderobeplass til barna.
- Blandebatteri bør monterast på toalett, eller ein må syte for at varmt vatn ikkje utgjør ei skåldefare.
- Baserom/lokale for barna må vere fri for fukt/mugg og innreiast etter brukergruppa.
- Risikovurdering må utførast for uteområdet.  
(Vurdere sikring av steinmurar, fjerne gamle farlege reiskaper, inngjerding ved behov o.s.v.).

Dersom det vert avdekka avvik (ved seinare tilsyn), kan dette krevjast retta etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 26 og Folkehelseloven § 14.

#### ➤ **Vedtak**

##### **§ 26 Verkemidlar og dispensasjon**

Drømmehagen gard vert gjeve dispensasjon frå forskriftas § 9 om universell utforming.

##### **§ 6 Godkjenning**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Drømmehagen gard godkjent for ei friluftsavdeling på inntil 30 barn over 3 år.

Godkjenning vert gjeve etter «Søknad om å flytte friluftsgruppen til Dømmehagen gård» og tilsyn på Drømmehagen gard den 20.3.17.

Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med helsing

Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

**Kopi til:**

Meland kommune  
Mette M. Træland  
Rådmann  
Torill Seliussen